

Retningslinjer for næringsfondet i Fjord kommune

Vedteke i kommunestyret 18.11.2021 i K-sak 111/21

1. Formål

Retningslinjene gir praktiske føringar for forvaltning av næringsfondet i Fjord kommune, og er eit supplement til dei til ein kvar tid gjeldande vedtekter for næringsfondet i Fjord kommune.

2. Møte i næringsfondsstyret

Møta i næringsfondsstyret er opne og saksdokumenta er offentlege med mindre det ligg føre ein klar lovheimel i forvaltningslova til å lukke møta og unnta saksdokument. Det skal alltid ligge føre søknad med nødvendige vedlegg og saksutgreiing før næringsfondstyret kan handsame ei sak.

3. Søknader

Søknadar til næringsfondet vert handsama 4 gongar i året (februar, mai, august, november – med søknadsfrist den 15. i kvar månad). I periodar der Fjord kommune organiserer næringsutviklingsarbeidet t.d. gjennom eit prosjekt, der ein gjerne ser for seg at næringsfondet vert kombinert med eksterne midlar, kan søknadar handsamast fortløpande gjennom året.

Det skal søkjast elektronisk via regionalforvaltning.no. Kommunen si heimeside skal gi relevant og oppdatert informasjon om næringsfondet.

4. Målsetjingar

Tiltak som vert tildelt midlar frå næringsfondet skal støtte opp under ei eller fleire av desse målsetjingane:

- Etablering av nye og overlevingsdyktige verksemdar
- Utvikling i eksisterande verksemdar
- Fleire arbeidsplassar
- Innovasjon og utvikling
- Fremje entreprenørskap hos unge, kvinner og innvandrarar
- Nyskapande etableringar som gir moglegheit for mange arbeidsplassar vert spesielt prioritert

Strategisk næringsplan for Fjord kommune vert lagt til grunn for vurderingane

5. Andre vilkår for tildeling av tilskot

Desse vilkåra skal leggest til grunn for tildeling:

- Støtta skal ikkje vere konkurransevridande lokalt

- Støtta skal ha ein utløysande effekt på tiltaket som vert støtta
- Søknaden må vere innsendt før oppstart av prosjektet (hastesaker må avklarast med administrasjonssjefen)

6. Kva kan det søkjast om

Døme på kva det kan søkjast om er:

- Nyetablering/bedriftsutvikling
- Investeringar i maskiner/utstyr
- Produktutvikling
- Marknadsføring
- Kompetanseheving i bedrifta
- Rådgeving
- Bedriftsnettverk
- Husleige første året til nyetablerte verksemder

7. Utbetaling

Utbetaling av tilsegn gitt frå næringsfondet skjer i etterkant når kostnaden kan dokumenterast i samsvar med søknad og tilsegn. Delutbetaling av støtta er mogleg. Siste 10 % av tilskotet skal haldast attende inntil det er levert sluttregneskap frå rekneskapsførar/revisor.

8. Krav til rapportering

Mottakar av tilskot skal innan 2 år rapportere tilbake til administrasjonssjefen om bruken av midlane og status for verksemda. Administrasjonssjefen kan ved særlege tilfelle gi utsetting med arbeidsfristen, men ikkje meir enn 2 år etter ordinær arbeidsfrist.

9. Krav om tilbakebetaling

Dersom investeringar vert avhenda før prosjektperioden er gått ut, kan administrasjonssjefen krevje at støttmottakar betaler tilskotet tilbake. Dersom heile eller delar av tilskotsbeløpet ikkje er brukt til støtteføremålet når prosjektperioden er gått ut, kan administrasjonssjefen krevje at støttmottakar betaler tilbake den delen av støttesummen som ikkje er nytta samsvar med løyvinga.

10. Utdjupande om krav til søknaden

Ein søknad om tilskot frå næringsfondet skal innehalde:

- Opplysningar om søkjar, kontaktperson og søkjar si verksemd
- Prosjektopplysningar
 - Søknadsbeløp
 - Prosjekttittel
 - Prosjektskildding
 - Prosjektet si sysselsettingseffekt

- Innovasjonsnivå
- Prosjektperiode
- Kostnadsoverslag
- Finansieringsplan
- Prosjektet si lønsemd og nytteverdi
- Kunde verdi
- Interne forhold
 - Nøkkelressursar
 - Kjerneaktivitetar
 - Samarbeidspartnarar
 - Berekraft
- Eksterne forhold
 - Kundesegment
 - Kunderelasjonar
 - Kommunikasjons- og distribusjonskanalar
 - Konkurrans
- Økonomisk utvikling
 - Rekneskap frå siste år (etablerte bedrifter)
 - 3- årig budsjett